

uttalelse@nve.no

Førde, 24.06.2022

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane, Birdlife Sogn og Fjordane og Natur og Ungdom Vestland

## Høyringsfråsegn til søknad om utsett frist for idriftsetjing og konsesjonsutviding for Bremangerlandet vindkraftverk

### Høyringsfråsegn 200708328

*FNF Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i fylket. Per i dag er det 12 organisasjonar tilslutta FNF Sogn og Fjordane. Organisasjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket.*

Vi vil først ynskje å takke for moglegheita til å komme me våre betraktningar og innspel på søknadar som er komne inn frå Bremangerlandet Vindkraftverk til NVE. Det set vi stor pris på.

#### Vi meiner at:

- Grunnlaget for å gje konsesjon til Bremangerlandet Vindkraftverk har vore- og er framleis utilstrekkeleg.
- Den totale innverknaden på alle vindkraftverka forringar natur- og kulturhistoriske landskapet på kysten vår
- Lokalmotstanden og konfliktane rundt vindkraftverket er så stor og verditapet på både natur og kulturhistorisk landskap er så inngripande at Bremangerlandet Vindkraftverk ikkje bør få utsett frist til å setje i gong drift og dermed heller ikkje utvida konsesjon.

Viser til brev frå Norges vassdrag- og energidirektorat om søknad frå Bremangerlandet vindkraftverk AS (BVAS) om utsett frist for igangsetjing av drift av Bremangerlandet vindkraftverk frå 1.9.2022 til 31.12.2025 og forlenga varigheit på konsesjonen. Denne fristen går ut 01.09.2022.



FNF SFJ vil her gjenta fleire argument for kvifor søknad om utsett frist for igangsetjing av drift av Bremangerlandet vindkraftverk ikkje bør innvilgast. Vi meiner det er mange viktige faktorar nemnd i fleire tidlegare innspel, brev og anna kunnskap gitt NVE som ikkje har tilstrekkeleg har blitt inkludert. Når ein skal no vurdere å gje utsett frist på konsesjonen, så må dei samla fordelane for heile anlegget klart utklasse ulempene, og det er det klart at dei ikkje gjer.

### **Kommunens nei**

I brev frå NVE, skriv NVE at

*«Søknaden om utsett frist for idriftsettelse er begrunnet med manglende avklaringer fra offentlige myndigheter, som BVAS mener er forhold utenfor deres kontroll. BVAS peker særlig på manglende planavklaring fra Bremanger kommune.»*

Bremanger kommune har *avslått* søknad om dispensasjon frå arealforemålet (LNFR-område) heile to gonger. Ny søknad har sidan 2020 på vent i kommunen fordi NVE skal behandle klager på NVEs vedtak som er vidaresendt OED.

### **Fleire avslag**

Det må påpeikast at NVE avsla søknad om konsesjon (2015). OED omgjorde vedtaket. NVE avsla også endring av ilandføringsstad frå Smørhamn til Oldeide. Dette er påklaga og derfor oversendt OED. Samstundes må NVE handsame klager på godkjenning av detaljplan og MTA og endringar i konsesjonen.

### **Manglande omsyn til natur- og kulturverdiar**

Det er allereie oversendt mykje god argument frå FNF Sogn og Fjordane tidlegare for kvifor våre organisasjonar meiner at Bremangerlandet Vindpark ikkje burde få konsesjon, og dei same gjeld for kvifor dei heller ikkje bør få utvida frist for drift og konsesjon. Sjå gjerne:

- **FNF Uttale MTA 2019:** [https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/wp-content/uploads/sites/19/2021/04/20191213-Hoyringsfrasegn-MTAplan-Bremangerlandet-vindkraftverk-FNF\\_NVF\\_KT\\_BI\\_SFT\\_NOF\\_NJFF.pdf](https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/wp-content/uploads/sites/19/2021/04/20191213-Hoyringsfrasegn-MTAplan-Bremangerlandet-vindkraftverk-FNF_NVF_KT_BI_SFT_NOF_NJFF.pdf)
- **FNF SFJ Klage på detaljplan 2020:** <https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/wp-content/uploads/sites/19/2021/04/Klage-pa-godkjenning-av-MTA-og-detaljplan-for-Bremangerlandet..pdf>
- **FNF SFJ høyringsfråsegn om flytting av turbinar 2021:** <https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/wp-content/uploads/sites/19/2021/06/20210120-Hoyringsfrasegn-endringar-i-detaljplan-for-Bremangerlandet-Vindkraftverk.-FNF-SF.pdf>

I tillegg stiller vi oss bak brev og innspel som tidlegare er sendt NVE. Sjå gjerne:

- 2019: **Fråsegn til rapport frå fugleundersøkingar og MTA- og detaljplan for Bremangerlandet vindkraftverk i Bremanger kommune**, sendt av Fylkesmannen i Vestland.
- 2020: Brev fra Advokatfirma Dæhlin Sand om **«Vurdering av gyldigheten til konsesjonen til Bremangerlandet Vindkraftverk»** på vegne av Norges Naturvernforbund, Den Norske Turistforening, Norsk Ornitologisk Forening, Sabima, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norsk Friluftsliv og WWF.

## **Oppsummert manglande kunnskapsgrunnlag og omsyn knytt til:**

### **Naturverdiar og landskapsverdiar**

Miljøundersøkingane som vart gjort i samband med konsesjonssøknaden for vindkraftverket tilfredsstiller ikkje krava i naturmangfaldlova<sup>1</sup>. Det må gjennomførast kartlegging av naturtypar og relevante artar.

Kartleggingar av Bremangerlandet er gjort i ettertid av to konsultentselskap, Norconsult og Multiconsult<sup>2</sup>. Ut i frå kva ein kan lese av rapportane, er det brukt relativt lite tid til kartlegging av naturtypar og artar på Bremangerlandet. Det er ikkje tatt omsyn til at mange artar som er synlege/til stades på ulike tidpunkt gjennom døgnet, sesongen, året.

Arter som ein kan finne registrert i Artsdatabanken sitt Økologisk Grunnkart, på nett, i dag, nemner artar som i dag er på røddlista for 2021 (Gjøk, NT)<sup>3</sup> og som ein har eit «nasjonalt forvaltningsansvar» for (Praktvebladmose, gullhårrose etc.)<sup>4</sup>.

### **Myr**

Vi stiller også spørsmål ved kor mykje det skal bety at myrene på Bremangerlandet har blitt kartlagde til middels- til lav verdi. Myrene på Bremangerlandet sin verdi må også kunne sjåast i samanheng med kvarandre og ikkje minst i samanheng med kystlandskapet som heilheit. Myrer minkar og gror igjen pga. faktorar som aukande gjennomsnittstemperaturar og at tregrensa kryp oppover. Dette er inga argument for å øydeleggje myr til fordel for vindturbinar. Myrene er viktige innslag i kystlandskapet vårt<sup>5</sup>. Myr med middels- til lav verdi er betre enn inga myr. Myr bidreg til meir enn CO2 opptak, dei er viktige biotopar for fuglar og insekt og gir viktige økosystemtenester i nedbørsfeltet til drikkevasskjelder på Bremangerlandet. Omsyn til drikkevatt og konsekvensar for "helse", jf. plan- og bygningslova § 19-2<sup>6</sup>.

### **Fugl**

Omsyn til samla belastning på fugletrekk, artar og trekkorridorar som økosystemkomponent, jf. naturmangfaldlova §§ 4, 5 og 10<sup>6</sup>.

I høringsuttale 6. desember 2019 til detalj- og MTA- planen og til rapporten frå fugleundersøkingane uttaler Fylkesmannen i Vestland:

«Fugleradarundersøkinga som blei gjennomført i 2018 tyder på at det går eit betydeleg fugletrekk over Bremangerlandet. Men undersøkinga er dessverre sterkt påverka av manglande data frå trekkperiodane både vår og haust på grunn av vanskelege vêrtilhøve og driftsstans, og gir ikkje tilstrekkeleg svar på vesentlege spørsmål som korleis fugletrekket fordeler seg geografisk gjennom undersøkingsområdet. Den avgrensa undersøkingsperioden gjer også at kartlegginga ikkje er eigna som samanlikningsgrunnlag for etterundersøkingar»<sup>1</sup>.

### **Friluftsliv og naturbasert reiseliv i området**

Mykje av Bremangerlandet er urørt natur (1-3km frå næraste inngrep) og er ein viktig del av urørt natur langs kysten vår som minkar og som bør tas vare på. På toppen av Bremangerlandet ser ein utover eit unikt norsk kystlandskap med natur- og kulturhistoriske verdiar.

Ein ser også rett på to vindkraftanlegg i sør, Hennøy og Guleslettene, og minst eit vindkraftanlegg i nord, Mehuken.

Omsynet til å ivareta samanhengande naturområde med urørt preg og ivaretaking av verdifulle naturtypar: våtmarker og myrområde, jf. T-2/16<sup>6</sup>.

Bremangerlandet er mykje brukt turmål av Bremanger Idrettslag/Keipen turlag<sup>6</sup>. Dei har merka turstiar i området til det veldig populære turmålet Vetvika, Karihaugen, Fåvatnet og stølane, frå Klungreset opp Klungresetdalen via Blandeivatnet til Oldeidsmannen og til Varpestølane og til Steinfjellet. Desse stiane har både lokale, regionale og nasjonale brukarar.

- Ref. Omsyn til rekreasjon og friluftsliv i utmark, normer for støynivå og støyregelverket, jf. T1442/2016.2

Hornelen, Europas største havklippe, er også eit nasjonal viktig turmål som ein ynskjer å investere meir i for å tilrettelegging for friluftsliv<sup>7</sup>. Området vert marknadsført både lokalt, regionalt og nasjonalt/internasjonalt via Visit Norway. Vetvika vert nytta mykje i ulik marknadsføring og er eit trekkplaster for Bremanger, truleg meir enn både Hornelen og Grotlesanden. Der er også planlagt nasjonalpark<sup>8</sup>.

Området vert brukt til hjortejakt gjennom heile hausten og fram mot vinteren og juletider, som kan bli problematisk mtp. Iskast frå turbinar<sup>6</sup>.

### **Omsynet til folkehelse**

Bremanger idrettslag har 3 trimpostar som vert råka av vindkraftverket<sup>6</sup>. Under periodar med fare for iskast vert tilgjenge til desse områda avstengt grunna høg risiko ved ferdsel i terrenget<sup>3</sup>.

### **Kulturhistorisk landskap**

Landskapet på kysten har rik kulturhistorie og det er viktig å ta vare på landskap som er ein del av vår kultur. Midtre Bremanger – Skatestraumen, Rugsund og Vingen i Bremanger kommune område som Vestland Fylkeskommune føreslår bør få status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA)<sup>5</sup>.

Pilegrimsleden, Sunnivaieia1 frå Kinn til Selje går med sti opp Klungresetdalen via Blandeivatnet austover fjellet ned til Oldeiede<sup>9</sup>. Denne vert sterkt råka, deler av stien vert anleggsveg og vert totalt avstengt i periodane med iskast. Denne leia er ikkje den som er nemnt om Pilgrims lei til havs, mellom øyene, i båt. Denne går til fots over Bremangerlandet og er aktiv.

Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

*Ket Fossen*

Ket Fossen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane

1: [https://media.wwf.no/assets/attachments/Vedlegg-vurdering\\_gyldighet\\_bremangerlandet.pdf](https://media.wwf.no/assets/attachments/Vedlegg-vurdering_gyldighet_bremangerlandet.pdf)

2: <https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=80&type=A-6>

3: <https://artsdatabanken.no/Rodliste2015/rodliste2015/Norge/4040>

4: [https://okologiskegrunnkart.artsdatabanken.no/?lng=5.056629180908204&lat=61.87274323733561&layers=222,223,29,](https://okologiskegrunnkart.artsdatabanken.no/?lng=5.056629180908204&lat=61.87274323733561&layers=222,223,29)

[38,39,40,41,42,43,32,33,28,31,835,837,832,834,829,831,826,828,34,35&favorites=false](#)

5: <https://www.sabima.no/trua-natur/myr/>

6: [https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/wp-content/uploads/sites/19/2021/04/20191213-Hoyringsfrasegn-MTAplan-Bremangerlandet-vindkraftverk-FNF\\_NVF\\_KT\\_BI\\_SFT\\_NOF\\_NJFF.pdf](https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/wp-content/uploads/sites/19/2021/04/20191213-Hoyringsfrasegn-MTAplan-Bremangerlandet-vindkraftverk-FNF_NVF_KT_BI_SFT_NOF_NJFF.pdf)

7: <https://www.firdaposten.no/om-to-veker-startar-bygging-av-via-ferrata-i-hornelen/s/5-16-610430>

8: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/oppdrag-nye-nasjonalparker/hornelen/>

9: <http://sunnivaleia.no/>

